Protokoll frå generalforsamling

i Nordisk foreining for leksikografi

Tid: Fredag 23. mai 2025 kl. 09.00–10.00

Stad: Hal 1, DGI Huset Vejle, Vestre Engvej, 7100 Vejle, Danmark

1) Val av
   a. ordstyrar: Terje Svardal
   b. referent: Margunn Rauset
   c. to underskrivarar av protokollen: Knut E. Karlsen og Sturla Berg-Olsen
   d. teljekorps: Terje Svardal og Caroline Sandstrøm

2) Årsmelding 2023–2025: Leiar Thomas Widmann la fram.

Styresamansetning:
Thomas Widmann (DK), leiar
Margunn Rauset (NO), nestleiar
Pär Nilsson (SE), kasserar
Kristin Marjun Magnussen (FO), sekretær
Caroline Sandström (FI), styremedlem
Einar Freyr Sigurðsson (IS), varamedlem
Carina Nilstun (NO), varamedlem

Indre verksemd i styret
Internt har styret hatt løpande kontakt via e-post. Dei fleste av styremøta har vore gjennomført på Zoom, men styret hadde eitt fysisk konstituerande møte på konferansen i Bergen 26. mai 2023 og eitt 20. mai 2025 i Vejle.

Kjetil Gundersen sat litt lenger enn først avtalt som landredaktør for Noreg i LexicoNordica, før Bente Selback tok over i 2025.

Etter at NFL slutta å ha ein lønna administrator for aktiviteten i foreininga, har arbeidsbelastninga blitt stor for enkeltpersonar i styret. Det er behov for å lette koordineringsarbeidet og/eller gå til innkjøp av meir støtteprogramvare som effektiviserer drifta. Det er ei oppgåve for det nye styret å vurdere kva grep ein bør ta. I tillegg må det nye styret raskt skaffe seg oversikt over arbeidsoppgåvene og fordele dei.

Ytre verksemd i foreininga

I perioden har det blitt gjennomført to konferansar og to symposium. Dette har vore vellykka arrangement, og NFL har fått støtte frå Nordplus Nordens Språk til alle.

LexicoNordica er i rute, og den forseinka konferanserapporten frå Bergen kjem til hausten.

Økonomien i foreininga er sunn, og ein har ein nokså romsleg buffer. Det inneber at ein i tråd med vedtak på førre generalforsamling har kunne ha lågare deltakaravgift for studentar på den 18. konferansen i Vejle. Enn så lenge er det uklart kor stor utgift dette er, men styret rår til at ordninga blir vidareført.

Medlemsmassen gjekk noko ned i 2024, og foreininga hadde då 44 betalande medlemmar. I 2025 tel NFL 85 medlemmar. Styret bør ha betre rutinar for å purre og informere om betaling av medlemsavgift, då det særleg i åra utan konferanse er mange som gløymer eller vel å ikkje betale.

Kommunikasjon med medlemmar og andre skjer primært på nettsida og Facebook-sida til foreininga, i tillegg til e-post.

Årsmeldinga er godkjend.

3) Rekneskap

Det er nokre få økonomiske postar som går igjen kvart år. Overskotet på 70 000 kjem i stor del frå tilbakebetaling frå konferansen i Lund. NFL har litt meir renteinntekter etter overføring av midlar til annan konto. Balansen viser solid økonomi og stor kapital, kanskje litt over det som er ideelt. Begge symposia i dei to siste åra har gått med eit lite minus. Medlemsavgiftene ser like ut, men det er færre som betalte, men litt høgare medlemsavgift.

Rekneskapen er godkjend.

4) Endring av medlemsavgift?

Forslag: Nei. Vedteke.

5) Val av styre. Leiar i valnemnda, Henrik Lorenzen (DK), la fram

a) Styreleiar (for to år):

Thomas Widmann (DK) er på val, men ønskjer ikkje gjenval som leiar. Ny kandidat: Einar Freyr Sigurðsson (IS).

b) Styremedlemmar (for fire år):

Pär Nilsson (SE) kan ikkje gjenveljast. Ny kandidat: Laila Höglund (SE).
Kristin Marjun Magnussen (FO) ønskjer ikkje gjenval. Ny kandidat: Zakaris Svabo Hansen (FO).
Caroline Sandström (FI) ønskjer å gå ut av styret to år før tida. Ny kandidat for to år: Thomas Widmann (DK).
Margunn Rauset (NO) er ikkje på val.

c) Varamedlemmar (for to år):

Carina Nilstun (NO) tek gjenval.
Ny kandidat: Solveig Arle (FI)

Ny leiar, tre styremedlemmer og to varamedlemmar blei valde ved akklamasjon.

6) Val av revisor. Henrik Lorenzen (DK) la fram

Oddrun Grønvik (NO) tek gjenval som revisor for to år.
Henrik Lorentzen (DK) tek gjenval som vararevisor (revisorsuppleant) for to år.
Begge blei gjenvalde ved akklamasjon.

7) Val av redaktørar til LexicoNordica. Henrik Lorenzen (DK) la fram

a) Hovudredaktørar:

Henrik Hovmark (DK) ønskjer ikkje gjenval. Ny kandidat (for fire år): Helga Hilmisdóttir (IS).
Terje Svardal (NO) er ikkje på val.

b) Landsredaktørar:

Liisa Theilgaard (DK) tek gjenval for fire år.
Kjetil Gundersen (NO) blei erstatta av Bente Selback i 2025. Ho tek gjenval for fire år.
Helga Hilmisdóttir er ikkje på val, men går inn som ny hovudredaktør. Ny kandidat: Ellert Þór Jóhannsson, i første omgang for to år.
Caroline Sandstrøm (FI) og Louise Holmer (SE) er ikkje på val.

Ny hovudredaktør og tre landredaktørar blei valde ved akklamasjon.

8) Val av valkomite. Henrik Lorenzen (DK), la fram
Eva Nordgren (SE), Hanne Lauvstad (NO) og Henrik Lorentsen (DK) tek alle gjenval.

Tre medlemmar i valkomiteen blei valde ved akklamasjon.

9) Forslag til endring av vedtektene. Forslagsstillar: Thomas Widmann
Til § 4 tilføjes: Dersom lederen eller et styremedlem må trekke seg, innkaller styret til ekstraordinær virtuell generalforsamling i NFL med ett punkt på dagsordenen: Valg av ny leder eller nytt styremedlem. Dette valget skal bekreftes på den påfølgende ordinære generalforsamlingen.

Måten forslaget er lagt fram på, er i samsvar med vedtektene, og valkomiteen meiner det er uproblematisk om dei ev. skulle få ei rolle om det trengst tilleggsval, då valkomiteen er aktiv i heile perioden.

Generalforsamlinga presenterer eit benkeforslag med alternativ organisering der alle styremedlemmane har ein personleg vara. Dette har vore drøfta i styret, og motargumentet er at det blir mange varaer som ikkje har ei rolle. Benkeforslaget krev ei avklaring av kva rolle varamedlemmar har om dei ikkje skal rykkje opp. Den gjeldande rutinen er at vara rykkjer opp til å bli styremedlem, med mindre det er landomsyn ein må ta – som var realiteten bak endringsframlegget. Praksis i styrearbeidet har vore at varamedlemmane har delteke på alle møte, men ikkje hatt faste oppgåver. Om ein går for benkeforslaget, kan ein seie at to av varamedlemmane skal kallast inn til møte, men at dei andre som er personleg vara, vil lese e-postar og følgje med, men utan forventning om at dei skal måtte delta eller få ev. privilegium. Forslaget til Widmann er formulert slik at ein *må* kalle inn, men det kan justerast til at styret *kan* kalle inn.

Då det er vanskeleg å ta stilling til forslag og benkeforslag på ståande fot, kom det framlegg om at styret legg fram begge på neste generalforsamling, og at det blir sett i samanheng med arbeidsfordeling i styret og mangel på administrativ ressurs.

Røysteresultat med utgangspunkt i forslaget frå Thomas Widmann:
Mot: 22, for: 15 og blanke: 4.

Vedtak: Forslaget om vedtektsendring er avvist av generalforsamlinga og sendt tilbake til styret med oppmoding om å behandle og leggje fram opprinneleg forslag og benkeforslag på neste generalforsamling.

10) Faglege arrangement

Ingen informasjon

11) Tid og stad for neste generalforsamling

Einar Freyr: Island arrangererer den 19. konferansen om leksikografi i Norden i Reykjavík i 2027.

12) Eventuelt

Ingen saker var meldt inn til eventuelt.

Thomas Widmann	Knut E. Karlsen	Sturla Berg-Olsen
Møteleiar	NFL-medlem	NFL-medlem